

## **MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

Møtedato: 27. nov. 2020

Stad: Flå kommune, kommunestyresalen

### **Desse møtte frå Regionrådet:**

|                   |                  |
|-------------------|------------------|
| Solveig Vestenfor | Ål kommune       |
| Pål Rørby         | Hemsedal kommune |
| Hanne Haatuft     | Hol kommune      |
| Herbrand Jegleim  | Gol kommune      |
| Tore Haraldset    | Nesbyen kommune  |
| Merete H. Gandrud | Flå kommune      |

### Desse møtte frå rådmannsutvalet:

|                        |                  |
|------------------------|------------------|
| Ole Johnny Stavn       | Hol kommune      |
| Karsten Dideriksen     | Ål kommune       |
| Hege Mørk              | Gol kommune      |
| Reidun Katrine Halland | Hemsedal kommune |
| Henrik Skovly          | Nesbyen kommune  |
| Odd Egil Stavn         | Flå kommune      |

Ingen møtte frå Viken fylkeskommune grunna møtekollisjon og smittesituasjonen i søre Viken.

### Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar  
Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar

---

**SAK 53/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 25.9.2020****Vedtak:**

Protokollen frå møte 25.9.2020 er godkjent.

**SAK 54/20 ORIENTERING OM HALLINGDAL FOLKEHØGSKULE**

Janne M. Sukka, rektor ved folkehøgskulen i Hallingdal orienterte om skulen, om kva tilbod dei har der og litt om drifta.

**SAK 55/20 HALLINGDAL NÆRINGSHAGE OG HALLINGDAL ETABLERERSENTER**

Stian Bogar og Trond Ask Henriksen orienterte om samhandlinga mellom næringshagen og etablerersenteret og kva utviklingstankar dei har for drifta.

**Vedtak:**

Regionrådet støttar det arbeidet som blir gjort i næringshagen og på etablerersenteret, og ber om at det blir jobba vidare med tankar og utvikling og endå tettare samarbeid.

**SAK 56/20 NY ALTERNATIV AVTALE FOR INTERMEDIÆRAVDELINGA (IMA) PÅ ÅL****Vedtak:**

1. Regionrådet ber dagleg leiar gjera eit forankringsarbeid i kommunane, og utarbeide forslag til ny «Avtale om drift av intermediære sengeplassar ved Hallingdal sjukestugu»
2. Avtala blir behandla i regionrådet på neste møte før den enkelte kommune gjer vedtak.

**SAK 57/20 VAL AV MEDLEMMER TIL FORLIKSRÅD FOR PERIODEN 2021- 2025.****Vedtak:**

Regionrådet vel følgjande 3 personar som faste representantar/leddommarar til Hallingdal forliksråd 2021- 2025:

1. Ludvig Munkejord, Gol, leiar
2. Anne Grøtt Lauvang, Nesbyen, nestleiar
3. Olav Støyten, Hemsedal

Regionrådet vel følgjande 3 personar som varamedlemmer til Hallingdal forliksråd 2021- 2025:

1. Unni Sørensen, Ål
2. Charles Andre Lindberg, Flå
3. Ole Tor Oleivsgard, Ål

**SAK 58/20 MØTEPLAN 2021**
**Vedtak:**

Regionrådet vedtok følgjande møteplan.

| Dato                               | Stad     | Møte        |
|------------------------------------|----------|-------------|
| Fredag 29/1 2021                   | Hemsedal | Regionråd   |
| Fredag 26/2 2021                   | Hol      | Regionråd   |
| Tysdag 23/3-<br>Onsdag 24/3        | Nesbyen  | Regionråd   |
| Fredag 30/4 2021                   | Ål       | Hallingting |
| Fredag 28/5 2021                   | Flå      | Regionråd   |
| Fredag 18/6 2021                   | Gol      | Regionråd   |
| Fredag 27/8 2021                   | Nesbyen  | Regionråd   |
| Fredag 24/9 2021                   | Hol      | Regionråd   |
| Torsdag 28/10<br>Fredag 29/10 2021 | Hemsedal | Hallingting |
| Fredag 26/11 2021                  | Flå      | Regionråd   |
| Fredag 17/12 2021                  | Hol      | Regionråd   |

Dagleg leiar kallar inn i møtekalender.

**SAK 59/20 PARTNERSKAPSAVTALE MED VIKEN - SPESIELL DEL.**

Kjersti Bærug Hulbak og Bjørn Siem Knudsen orienterte om prosessen med partnerskapsavtale - spesiell del. Hallingdal tek gjerne rolla som pilot i arbeidet med utforming av samarbeidet med fylket. Prosessen skal følgjast opp administrativt i eit møte den 8. desember og blir sett på sakslista i Regionrådet i desember.

**SAK 60/20 OVERFØRING AV KOMMUNESTYREMØTE.**
**Vedtak:**

1. Regionrådet ber dagleg leiar utarbeide avtale med Radio Hallingdal basert på tilbodet som er gitt i anbodskonkurransen. Denne avtale skal vedtakast i kvar kommune.
2. Regionrådet vedtek at Hemsedal kommune blir pilotkommune med oppstart i januar 2020.
3. Regionrådet rår til at kvar kommune tek stilling til om ein ønskjer TV-overføring av kommunestyremøta i tillegg til FM overføring og at ein inngår avtale med Radio Hallingdal under føresetnad av at pilotperioden kan vise til godt resultat. Oppstart kan skje i august 2021 eller i beste fall tidlegare og begge partar er klare for det.

**SAK 61/20 ORIENTERINGAR FRÅ SENIORRÅDGJEVAREN.****Restanseliste 2017-2018.**

Utsett til neste møte

**Gjennomgang av fond.**

Utsett til neste møte

**Status arbeidet Nortura.**

Knut Arne orienterte om status. Saka kjem til Regionrådet 28. januar

**SAK 62/20 EVENTUELT****Internasjonalt kommunenettverk**

Jan Olav informerte om deltaking i internasjonalt kommunenettverk og om at Regionrådet på vegne av kommunane i Hallingdal har søkt og fått tilskot på kr. 300 000 frå Viken fylke. Dette skal nyttast til å arbeide med internasjonalt arbeid. Saka kjem tilbake til Regionrådet seinare.

**Jordmorsituasjonen i Hallingdal**

Merete tok opp jordmorsituasjonen i Hallingdal.

Regionrådet ber om at saka blir behandla i Rådmannsutvalet før den ev. kjem attende som sak i Regionrådet.

**Hallingting 1-2. des.**

Hallingtinget blir gjennomført 1-2. desember. Viktig at alle møter godt førebudd.

Hallingdal 26. november 2020

Jan Olav Helling

Dagleg leiar